



Vestland Høgres program 2.utkast

VALPERIODE 2023-2027

VESTLAND HØGRE

1 Vestland på sitt beste- med moglegheiter for alle

2 Vestland er kyst, fjordar, dalar og fjell. Men viktigast er dei som bur her, vestlendingane. Det er
3 vestlendingane som kan ta tak i dei store og rike moglegheitene og har vyar for framtida. Det er dei
4 som kan gjere Vestland best på tenester og best på berekraftig vekst. Vestlendingen kjenner styrken
5 til Vestland, moglegheitene og kva som må til for å skape meir og nå nye mål.

6
7 Vestland har store moglegheiter og ubrukt potensiale. Vi har teknologi og kompetanse i verdsklasse,
8 vi har den vakraste naturen, Noregs vakraste byar og vi har menneska som står klare til å løyse
9 utfordringane i verda. For å lukkast må Vestland bli flinkare til å seie ja til å gjere det enklare for
10 enkeltmenneske og verksemder å nå sine mål.

11
12 Fylkeskommunen har mange utfordringar dei neste fire åra. Vi har mellom anna store etterslep på
13 vedlikehald og rassikring av veg. Samtidig ser vi at det er mindre valfridom innan vidaregåande
14 opplæring. Vi har ein krevjande kraftsituasjon i fylket vårt, der behovet for meir kraft og betre nett
15 er stort. For Høgre vil det bli viktig å finne gode løysingar på desse utfordringane saman med gode
16 samarbeidsparti.

17
18 Høgre er klar til å ta leiarskap i Vestland fylkeskommune, for trygg økonomisk styring med gode
19 løysingar for innbyggjarar, bedrifter og lokalsamfunn. Høgre ser den noverande
20 formannskapsmodellen som mest tenleg for å sikre brei politisk deltaking, på solid fagleg grunnlag,
21 med stor grad av openheit og forsvarleg ressursbruk.

22
23 **DISSENS 1 på punkt 19-20: «Høgre ynskjer parlamentarisme for å sikre sterkare politisk styring,
24 større grad av openheit og forsvarleg ressursbruk».**

25 **Dissensen støttes av John Andre Kongsvik og Kåre Martin Kleppe.**

26
27 Høgre vil legge FNs berekraftsmål til grunn for vårt politiske arbeid.

28

29 Vestland Høgre vil:

- 30 • Innføre fritt skuleval i heile Vestland med reisetidsgaranti
- 31 • Gjere det enklare og meir attraktivt å reise kollektivt
- 32 • Bygge infrastruktur for tryggleik og vekst
- 33 • Ta Vestlandet sitt sterke ressursgrunnlag i bruk til berekraftig vekst
- 34 • Utvikle Vestland i samarbeid, med innbyggjarar, næringsliv og kommunar
- 35 • Framheva Bergen sin posisjon som senter og motor for framgang i heile fylket
- 36 • Ha meir handlekraft og auke tempo i politiske prosessar
- 37 • Vere garantisten for at Vestland skal få realisert våre viktige samferdselsprosjekt
- 38 • Stå for ansvarleg økonomistyring med tydelege prioriteringar til beste for innbyggjarane
- 39 • Ha eit sterkt engasjement for eit trygt Vestland, med god beredskap og eit sterkt forsvar
- 40 • Sikre brukarvennleg digitalisering av dei fylkeskommunale tenestene
- 41 • Søke samarbeid med Rogaland med intensjon om å på sikt å slå saman dei to fylka til eit
42 felles Vestland.

43

44

45	Innhold	
46	Vekstregion Vestland	3
47	Samarbeid for berekraftig vekst	3
48	Reiseliv	4
49	Marine næringer	4
50	Landbruk	5
51	Industri	5
52	Klima og miljø	5
53	Naturmangfold og vern	6
54	Energiregion Vestland	6
55	Kunnskapsskolen Vestland	7
56	Læraren	8
57	Yrkesfag	9
58	Fagskolen	9
59	Psykisk helse og læringsmiljø	10
60	Samferdsle	10
61	Riksveger	10
62	Ras- og trafikksikring av riksvegar	11
63	Jernbane	11
64	Fylkesvegar	11
65	Kollektivtransport	12
66	Ferjer og hurtigbåt	13
67	Fly	13
68	Sjø- og skipstrafikk	14
69	Kultur, frivillighet og idrett	14
70	Idretten i Vestland	14
71	Kultur	14
72	Frivillighet	15
73	Helse	15
74	Folkehelse- aktiv heile livet	15
75	Tannhelse	15
76		
77		

78 Vekstregion Vestland

79 Vestland har eit sterkt næringsliv, med stort potensiale for vekst. Høgre vil at Vestland sitt
80 næringsarbeid skal ha eit Ja-engasjement. Ja, til nye prosjekt og idear, jobbskaping,
81 gründerverksemd, nyskaping og sterke lokalsamfunn i heile Vestland.

82

83 Høgre vil jobbe for at Vestland vert det fremste vekst- og verdiskapingsfylket i landet. Vi vil gjennom
84 auka samarbeid og innovasjon bygge Vestland til ein arbeidsregion som beheld og tiltrekk seg
85 kompetanse.

86

87 Vestland Høgre vil:

- 88 • Bidra til kompetanseutvikling og forskning som fremjar næringsutvikling
- 89 • At Vestland fylke skal vere en pådrivar for et samarbeid mellom fylket, kommunane,
90 næringslivet, kunnskapsinstitusjonane og studentene for å beholde studentane her etter
91 endt utdanning.
- 92 • At Vestland Fylkeskommune skal vere ein konstruktiv samarbeidspartner for sterkare
93 samarbeid og dialog, med og mellom kommunane, næringslivet og kunnskapsinstitusjonane.
- 94 • Støtta opp under næringshagar, kunnskapsparke og klyngefelleskap for at desse skal kunna
95 bidra på best mogeleg måte i næringsutviklinga i Vestland.
- 96 • Ha ei sterk satsing på gründerverksemd.
- 97 • At næringsutvikling skal være eit premiss ved utbygging av infrastruktur.
- 98 • At regionale planar skal ha vekt på handlingsrom og moglegheiter for næringsutvikling.
- 99 • Sikre god tilgang til næringsområde i heile fylket.
- 100 • Bruke fylkeskommunens regionale utviklingsmidlar til å opprette trainee- og
101 praktikantstillingar, med mål om å skape, fornye og utvikle næringsliv i distrikta.
- 102 • Ha god digital infrastruktur i heile fylket.
- 103 • Fylkeskommunen skal tilby flere læreplassar og sommarjobbar.
- 104 • Jobbe for berekraftige og innovative innkjøp som og legg vekt på bruk av lærlingar i
105 kontraktar.
- 106 • Arbeide for en felles plan for å kople aktørar og tette kompetansegapet innanfor berekraftig
107 næringsliv, også kalla ein «action platform».
- 108 • Styrke Bergen sin posisjon som havhovudstad, både nasjonalt og internasjonal.
- 109 • Samarbeide tettare med NAV og bedriftene om å kvalifisere arbeidssøkarar slik at dei møter
110 bedriftene sine behov for arbeidskraft.

111

112 Samarbeid for berekraftig vekst

113 Vestland Fylkeskommune har ei viktig rolle som tilretteleggjar for god, trygg og attraktiv
114 samfunnsutvikling.

115

116 Høgre vil at fylkeskommunen utøver denne rolla i nært samarbeid med kommunane, næringslivet,
117 lag og organisasjonar. Fylkeskommunen skal støtte opp om dei gode ideane, og vere ein
118 tilretteleggjar, støttespelar og ressurs. Kommunane har hovudansvaret i plansaker. Høgre er
119 oppteken av at fylkeskommunen ikkje skal vera ein «overkommune».

120
121
122
123
124
125
126
127
128

129

130
131
132
133
134
135
136
137
138
139
140
141
142
143
144
145
146

147

148
149
150
151
152
153
154
155
156
157
158
159
160

Vestland Høgre vil:

- Arbeida for å innskrenke fylkeskommunen og statsforvaltaren sitt høve til å kome med motsegner til kommunale vedtak, og for at eventuelle motsegner blir grunngjeve og løyst i dialog med kommunen.
- At fylkeskommunen skal bistå med erfaring og kompetanse til kommunane innan samfunns- og næringsutvikling.
- Redusere unødvendig byråkrati.

Reiseliv

Vestland er eit stort og attraktivt reisemål for både norske og utanlandske gjestar. Reiselivet betyr svært mykje for næringsaktivitet, sysselsetjing og servicetilbod i heile fylket. Høgre vil legge til rette for å utnytte det store potensialet for vekst, med vekt på berekraft og næringsvennlege rammevilkår.

Vestland Høgre vil:

- Styrke Vestland sin posisjon som det fremste reisemålet i landet, med særleg satsing på heilårsaktivitetar- og destinasjonar.
- Støtte tiltak som hevar kvaliteten på reiselivsprodukta
- Arbeide for utdanningstilbod som sikrar naudsynt kompetanse og rekruttering til reiselivsnæringa
- Stimulere til auka samhandling mellom fylkets mangfaldige attraksjonar, slik at besøkande kan bli verande lenger
- Støtte tiltak for å marknadsføre regionen både nasjonalt og internasjonalt
- Inkludere reiselivsnæringa når transporttilbodet skal utformast
- Evaluere og tilpasse verkemidla til reiseliv og destinasjonsutvikling

Marine næringar

Vestland har ei stor sjømatnæring, knytt til både tradisjonelt fiskeri og havbruk. Høgre vil legge til rette for auka verdiskaping og fleire sysselsette i denne viktige næringa.

Vestland Høgre vil:

- Ha sterkare satsing på berekraftig vekst i dei marine næringane
- Ha gode og enkle planar og prosessar som sikrar areal og infrastruktur
- Støtte tiltak som tek Vestland frå raudt til grønt i trafikklyssystemet for å unngå å redusere produksjonen
- Støtte tiltak som sikrar gode miljøløysingar i næringa
- Arbeide for gode utdanningstilbod som sikrar naudsynt kompetanse og rekruttering
- Jobbe for gode rammevilkår for å utvikle dei marine næringane
- Jobbe for å vidareføre havbruksfondet, og sikre at midlane i fondet går til vertskommunane- og fylka.

- 161 • Legge til rette for utvikling av næringar som tar i bruk ressursar som alger, tang og tare.
162

163 Landbruk

164 Vestland er eit stort landbruksfylke med ein variert bruksstruktur. Det gjev grunnlag for
165 arbeidsplassar, skjøttar kulturlandskap og bidreg til busetnad i heile fylket. Høgre vil at Vestland skal
166 ha eit levande og nyskapande landbruk som leverer kvalitetsprodukt og gjev viktige arbeidsplassar.
167

168 Vestland Høgre vil:

- 169 • Bevare eit berekraftig og konkurransedyktig landbruk i heile fylket, og leggje til rette for
170 fornuftig bruk av naturressursane
171 • Arbeide for å styrke landbruket gjennom forenkling av lovar, reglar og støtteordningar
172 • Støtte opp om landbrukets betydning for reiseliv og kulturlandskap
173 • Legge til rette for auka hogst og planting gjennom ei aktiv skogforvaltning
174 • Støtte tiltak for auka satsing på frukt og grønt
175 • Arbeide for å styrke bonden sin råderett over eige areal
176 • Ta initiativ til at Vestland blir ein pilot for ei panteordning på landbruksplast
177

178 Industri

179 Vestland er eit viktig industrifylke, med omfattande eksport. Høgre vil ha industriutvikling som
180 byggjer på dei etablerte verksemdene, samtidig som ein legg til rette for nyetableringar og
181 knoppskyting. Vestlandet må styrke sin posisjon som leiande industri- og teknologiregion.

182

183 Vestland Høgre vil:

- 184 • Legge til rette for vekst i eksisterande og ny industri
185 • Sørge for at bedriftene kan utnytte det ressursgrunnlaget og kompetansen vi har til ny
186 industriutvikling
187 • Bidra til å auke produksjon og eksport av industrivarer
188 • Sikre tilstrekkelig areal og infrastruktur til industriutvikling
189 • Fortsette å jobbe saman med næringsliv, kommunar og andre lokale aktørar for å legge til
190 rette for ny grøen industri og nye forretningsmoglegheiter i fylket.
191

192 Klima og miljø

193 Verda må redusere klimagassutsleppa sine. Det betyr at alle må ta ansvar, også Vestland
194 fylkeskommune. I tida framover må vi difor prioritere løysingar der vi reduserer utslepp og tar
195 berekraftige val for miljøet. Samtidig er det viktig for Høgre å kunne ha to tankar i hovudet samtidig.
196 Vi skal kutta utslepp, ikkje stoppe utviklinga.
197

198 Vestland Høgre vil:

- 199 • At Vestland skal stå i front i det grønne skiftet, med tydelige krav om reduserte utslipp.

- 200 • Utarbeide ein konkret plan for korleis ein skal kutte utslepp i Vestland
- 201 • Føre ein klimapolitikk på lag med folk, kommunar og næringslivet
- 202 • Stille krav til innføring av klimamål på linje med Parisavtalen for fylkeskommunale bedrifter
- 203 • Satse på utbygging av grønne knutepunkt.
- 204 • Støtte gode tiltak som bidrar til å redusere plastbruk
- 205 • Jobbe vidare med tiltak for å redusere matsvinn
- 206 • Sikre at klimatilpasning utgjør en sentral del av planlegginga innan bygg og anlegg
- 207 • Stille miljøkrav i offentlege anskaffelsar for å stimulere til et grønt skifte i næringslivet.
- 208 • Støtte gode ENØK-tiltak
- 209 • Styrke arbeidet med sirkulærøkonomien
- 210

211 Naturmangfold og vern

212 Det er viktig å ta vare på naturmangfold og verneverdiar. Vestland har nasjonalparkar, naturreservat,
 213 landskapsvernområde og fleire verna vassdrag. Vestland har og regional plan for miljøvennleg
 214 vassforvaltning. Høgre vil sikre god forvaltning av desse verdiane, gjennom sterk lokal og regional
 215 deltaking. Vern skal ikkje vere til hinder for forsvarlege næringsaktivitetar.

216

217 Vestland Høgre vil:

- 218 • Styrkje lokal og regional innverknad i forvaltninga
- 219 • Støtte tiltak som sikrar betre miljøløysingar mellom anna tilknytta vatn
- 220 • Ha gode kost-nytte vurderingar knytt til aktuelle tiltak
- 221 • At vern ikkje skal være til hinder for næringsaktivitetar som ikkje forringar verneverdiane
- 222 • Verne naturverdiar gjennom god forvaltning framfor oppretting av verneområder.

223

224 Energiregion Vestland

225 Vestland har stor produksjon av elektrisk energi. I tillegg kjem olje og gass frå havområda utanfor
 226 kysten av Vestland.

227

228 Høgre vil arbeide for at Vestland skal ha rikeleg og rimeleg fornybar energi. Høgre meiner at
 229 Vestland kan, og må ta ei større rolle i å framskaffa meir miljøvennleg kraft og ta denne i bruk til
 230 elektrifisering, omstilling og grønt skifte.

231

232 Høgre vil ha ei berekraftig olje- og gassnæring, som sikrar verdiskaping og eit solid økonomisk og
 233 teknologisk grunnlag for omstilling.

234

235 Vestland Høgre vil:

- 236 • Skaffe meir fornybar energi fra eksisterande og nye anlegg for å møte auka behov.
- 237 • Støtta nye vasskraftprosjekt, inkludert i verna vassdrag og i kombinasjon med
 238 flaumdemping. Ingen verna vassdrag bør vere varig fritatt ny gjennomgang.

- 239 • Ha sterk satsing på vasskraft, solkraft og havvind, med opning for vind på land der det har
240 lokal forankring.

241

242 **DISSENS 2 på punkt 236-237: «Ha sterk satsing på vasskraft, solkraft og vindkraft, med gode**
243 **lokale prosessar». Dissensen støttes av Elias Eide, Berit Anita Larsen og John Andre Kongsvik.**
244 **(Dissensbegrunnelse nederst i dokumentet)**

245

- 246 • At vertskommunar skal ha sin rettmessige del av verdiskapinga – både knytt til vasskraft og
247 vindkraft.

- 248 • Ha ei berekraftig olje- og gassnæring.

- 249 • Ha snarleg utbygging av infrastruktur for å dekke det stadig aukande behovet for kraft.

- 250 • Jobbe for at NVE får auka kapasitet til raskare å behandle konsesjonssøknader som gjeld
251 auka produksjon.

- 252 • At Vestland skal bli verdsledande på ny fornybar energiteknologi, og legge til rette for
253 eksport av teknologien.

- 254 • Investere i solcellepaneler på alle eksisterende og nye fylkeskommunale bygg

- 255 • Jobbe for å utjamne flaskehalsar på straumnettet.

- 256 • Energi-, klima og annen nytteverdi skal vurderes opp mot miljøverdi i behandling av
257 vilkårsrevisjoner for vannkraft.

- 258 • Aktivt bruke norsk olje- og gasskompetanse til å utvikle ny grønn teknologi og nye grønne
259 næringar.

260

261 Kunnskapsskulen Vestland

262 I Vestland skal alle elevar ha like moglegheiter til å lære og utvikle seg uavhengig av bustad eller
263 sosial bakgrunn. Vårt mål er difor at vestlandsskulen skal vere Noregs beste skule. Skulen sitt
264 primæroppdrag er å bidra til læring, og dette må difor prioriterast høgst.

265

266 Vestland Høgre vil gjeninnføre fritt skuleval i Vestland med ein reisegaranti. Det betyr at elevane
267 sjølv kan velje den skulen dei vil gå på, men at ein og sørger for at ingen får uhensiktsmessig lang
268 reiseveg til skulen.

269

270 Skuleforskning gjennom dei siste 20 åra viser at overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande er
271 tøff for mange elevar. Ein faktor er at mange elevar slit med å føle tilhøyrse med eit nytt miljø eller
272 at dei ikkje veljer rett retning. Å sikre både eit godt læringsmiljø og ei rådgjevingsteneste som ser
273 kvar enkelt elev er viktig for å hindre fråfall i den vidaregåande skulen.

274

275 Skulen skal tilpasse seg eleven, ikkje omvendt. Dersom nokre løysingar sørger for at fleire opplev
276 meistringskjensle og trivsel på skulen, så skal Høgre vere den største forkjemparen for det. For Høgre
277 er det viktig at skule får moglegheit til å tilpasse sitt skuletilbod til elevane sitt beste.

278

279 Vestland Høgre vil:

- 280 • Innføre fritt skuleval med reisetidsgaranti.

- 281 • Sikre tilstrekkeleg finansiering av skulane for å oppnå måla om kvalitet og gjennomføring.

- 282 • Sjå på moglegheitene for å tilby livsmeistringskurs til elevar i vidaregåande.
- 283 • Sørge for et tettare samarbeid og informasjonsutveksling mellom grunnskulen- og den
- 284 vidaregåande skolen.
- 285 • Utvide tilbodet med sommarskule for elever som står i fare for å stryke eller ynsker å
- 286 forbetre karakterar.
- 287 • Dra nytte av seniorar sin kompetanse som ressurs ved tilbod om leksehjelp.
- 288 • Full gjennomgang av rådgjevingstenesta og elevoppfølging i Vestland.
- 289 • Sikre at rådgjevarar i grunnskulen og i de vidaregåande skulane har den naudsynte
- 290 kompetansen for å sikre ei god teneste til elevane.
- 291 • Bruke studentar aktivt i undervisning og leksehjelp for å bidra til auka læring og forståing.
- 292 • La enkelte skuler være pilotskuler innanfor satsingsområde. Eksempelvis realfag eller
- 293 økonomi.
- 294 • Tilby mattekurs for elevar i vidaregåande før skulestart for å oppfriske viktig kompetanse frå
- 295 grunnskulen, etter mal frå høgskulane og universiteta.
- 296 • Bidra til å auke det faglege samarbeidet mellom dei vidaregåande skulene.
- 297 • Tilby vidaregåande for vaksne for å sikre at fleire får fagbrev og studiekompetanse.
- 298 • Fortsette å tillatte friskuler i Vestland og la fleire friskular tilby yrkesfaglege linjer.
- 299 • I større grad ha samarbeid mellom friskular og offentlege skular, som for eksempel
- 300 karrieredagar og fellesfag.
- 301 • Legge til rette for at elevar i vidaregåane opplæring kan ta fag på høgare nivå.
- 302 • Vere positive til å innføre semestermodell i vidaregåande opplæring.
- 303 • Innføre tilbod om toårig studieførebuande løp.
- 304 • Arbeide for at valfaga blir meir relevante for vidare utdaanning.
- 305 • Legge til rette for at elevane får meir kunnskap om privatøkonomi.
- 306 • Gjennomgå opplæringstilbodet i Vestland i samsvar med elevane sine val og næringslivets
- 307 behov.
- 308 • Gjennomføre eit prøveprosjekt med Honours-program i vidaregåande skule.
- 309 • Etablere pakkeforløp for elevar som er i fare for å stryke eller droppe ut, med fast oppfølging
- 310 og utarbeide individuelle planar og tiltak.
- 311 • Vere landsleiarande når det gjeld antal elever som fullfører og består vidaregåande opplæring.
- 312 • Søke om pilot for å teste ut ei ordning med nivådeling innan fleire fag på vidaregåande.
- 313 • Arbeide for at ungdomsskuleelevar kan få moglegheit til å ta fag frå vidaregåande og elevar i
- 314 vidaregåande til å ta universitetsfag.
- 315 • Sjå på moglegheita til å tilby digital framandspråkundervisning på tvers av skular, som
- 316 utviding av dagens eksisterende tilbod av språkfaga

317
318

319 Læraren

320 Ein god lærar er heilt avgjerande for elevane si læring i klasserommet og kjensle av meistring. Ingen
321 elevar er like, og det er viktig at vi har dyktige lærarar som ser kvar enkelt elev. Vi veit at fråfallet
322 blant nye lærarar er størst i starten av karrieren. For Høgre er det viktig å bidra til at fleire lærarar
323 blir verande i yrket, og at dei vidaregåande skulane i Vestland som ein attraktiv arbeidsplass.

324

325 Vestland Høgre vil:

- 326 • Innføre ei mentorordning for alle nytilsette lærarar i vidaregåande skule
- 327 • Opne for at lærarar kan hospitere på dei ulike vidaregåande skulane for å utveksle erfaring
- 328 og kunnskap
- 329 • Innføre ei anonym lærarevaluering for å sikre høg kvalitet på undervisninga

- 330 • Legge til rette for meir etter- og vidareutdanning av lærarar
331 • Gjennomgå den administrative organiseringa av skulesektoren
332 • Jobbe for å fjerne tidstjuvar som hindrar lærarane i å utføre sine primæroppgåver.
333

334 Yrkesfag

335 Norge manglar arbeidskraft, særleg fagarbeidarar. Vi må difor forsterke den positive utviklinga kor
336 fleire søker yrkesfag. Då må vi auke rekrutteringa vidare, men også sikre tilstrekkelege tilbod. I tillegg
337 må vi styrke tilbod som «fagbrev på jobb» som bidreg til å auke kompetansen om næringslivet tilbyr.
338

339 Vestland Høgre vil:

- 340 • Prioritere kjøp av nytt utstyr samtidig som vi dreg nytte av næringslivet sine ressursar
341 • Løfte kompetansen blant yrkesfaglærarar, betre ustyrssituasjonen og sikre betre samarbeid
342 mellom skular, fylker, stat og næringslivet
343 • Vere positive til nye moglegheiter for å ta fagbrev som sikrar både kvalitet, fleksibilitet og
344 valfridom.
345 • Legge til rette for fleire profilskular med yrkesfagstema som til dømes reine byggfagskular
346 • Prøveordning med utveksling for yrkesfagselevar
347 • At tilbodet om skuleplassar for yrkesfag er godt tilpassa arbeidsmarknadens behov og
348 kapasitet til å ta inn lærlingar
349 • Gje yrkesfagselevar moglegheit for fordjuping i språkfag
350 • Utvide tilbudet av Teknisk allmenfagslinjer (TAF) og linjer med yrkesfaglig studiekompetanse
351 (YSK).
352 • Legge til rette for auka bruk av gjesteundervisarar frå næringslivet.
353

354 Fagskulen

355 Fagskulen er ein viktig bidragsytar for å utvikle nye, fleksible utdanningstilbod i samarbeid med
356 arbeidslivet. Samtidig er dei avgjerande for å møte behovet for oppdatert og spesialisert
357 kompetanse.
358

359 Vestland Høgre vil:

- 360 • Styrke og vidareutvikle fagskoletilbudet
361 • Fagskulen skal bidra til arbeidslivet si utvikling gjennom å styrke kvaliteten og
362 arbeidslivsrelevansen i utdanningane
363 • Jobbe for å auke fagskulen sin status ytterlegare ved å legge til rette for ein erfaringsbasert
364 bachelor i fagskulen
365 • Ha høg kvalitet på fagskulane og at desse får etablert seg i større næringsklynger for å sikre
366 rekruttering til bedrifter
367 • Vidareutvikle det digitale undervisningstilbodet på fagskulane
368

369 Psykisk helse og læringsmiljø

370 Eit trygt og godt læringsmiljø hindrar fråfall. Alle har ei psykisk helse, difor må dette prioriterast like
371 høgt som den fysiske helsa vår. Vestland Høgre har som mål å ha dei skulane i landet med det beste
372 læringsmiljøet, og ha nulltoleranse mot mobbing.

373

374 Vestland Høgre vil:

- 375 • Kreve at kommunene har tilstrekkeleg med helsesjukepleiarar tilgjengeleg på skulane og
376 som eit digitalt tilbod i tillegg.
- 377 • Ha tettare kontakt mellom elevar og føresette fram til dei blir myndige.
- 378 • Opprette eit eige opplegg for gutar der ein senkar terskelen for å oppsøke hjelp og tilby eit
379 målretta og tilpassa tilbod.
- 380 • Hovedregel skal vere at mobbar skal bytte skule, ikkje den som blir mobba.
- 381 • Ha miljøkoordinatorar eller tilsvarande tilbod på kvar enkelt videregående skule i Vestland.
- 382 • Auke kontakten mellom elevane og frivillige organisasjonar for å bidra til trivsel og samhold.

383

384 Samferdsle

385 God infrastruktur knyter regionen saman, gjer det mogleg å skape gode bu- og arbeidsmarknader og
386 sikrar trygg ferdsle når vi reiser frå A til B. Gode vegar er derfor viktig distriktpolitikk, fordi det gjer
387 det mogleg å bu utanfor byane.

388

389 Effektiv og trygg transport er viktig for næringsutviklinga, innbyggjarane og konkurranseevna i
390 Vestland. Høgre vil arbeide for at Vestland får sin del av statlege midlar i tråd med vedteken Nasjonal
391 transportplan, og satse på betre mobilitet og løysingar som vil redusere klimagassutsleppa. Vi på
392 Vestlandet må jobbe ekstra hardt for å sørge for at viktige samferdselsprosjekt blir realisert.

393 Riksveger

394 Riksvegane er dei viktigaste gjennomgåande transportårane i fylket, og er staten sitt ansvar.
395 Vestland Høgre arbeider for at Vestland skal få tilført ein større del av dei statlege
396 samferdslemidlane for nødvendig utbygging og modernisering av vegnettet.

397

398 Vestland Høgre vil arbeide for at desse vegprosjekta blir realisert:

- 399 • E16- Ny veg og bane mellom Bergen og Voss (K5)
- 400 • Rv 555- Sotrasambandet
- 401 • E39- Hordfast Os-Stord
- 402 • E39- Storehaugen- Førde
- 403 • E39- Vadheim
- 404 • E134- Ny Røldalstunnel og lang Haukelitunnel
- 405 • Rv13- Utbedring av Rv13 og Vikafjellstunnel
- 406 • E39- Vågsbotn-Klauvaneset
- 407 • E39- Ringvei øst, Vågsbotn-Arna-Fjøsanger
- 408 • Rv15- Opprustning Strynefjellet
- 409 • E134- Bakka-Solheim

- 410 • E16 Ny tunnel Hylland-Slæen i Nærøydalen

411

412 I tillegg ønsker Vestland Høgre konseptvalutgreiing (KVU), og jobbe for oppstart kommunedelplan på
413 E134 med arm til Bergen og Sunnfast.

414 Ras- og trafikksikring av riksveggar

415 Vegane i Vestland har eit enormt behov for å bli rassikra ~~bettere~~. Vi må difor påverke staten som
416 vegeigar til auka satsing på tryggleik gjennom betre vedlikehald, trafikksikring og **auka** satsing på
417 rassikring. Alle riksveggar bør ha minimum to gode felt, stripe og «ruglefelt». Vestland Høgre vil krevje
418 at staten tek eit større ansvar for at vi kan tilby god regularitet, god kapasitet og miljøvenlege
419 løysingar på ferje- og hurtigbåtane våre.

420

421 Vi må realisere vedtekne rassikringsprosjekt og jobbe for auka finansiering for å kunne realisere
422 fleire viktige prosjekt.

423

424 Jernbane

425 Sjølv om jernbane ikkje er eit fylkeskommunalt ansvar, er det viktig at Vestland jobbar for å få
426 realisert dei prosjekta som er viktige for regionen. Jernbane er ei klimavenleg transportløyning med
427 stor betydning for både næringsliv og innbyggjarar.

428

429 Vestland Høgre vil:

- 430 • Arbeide vidare med god regularitet, kvalitet og føreseielege løysingar på jernbane- og
431 vegprosjektet på Bergensbana og Vossebana
- 432 • Arbeide for realisering av Ringeriksbanen for å sikre ei reisetid mellom Bergen-Oslo på under
433 fire timar.
- 434 • Sikre Flåmsbana sin sterke posisjon.

435

436 Fylkesveggar

437 Av alle rassikringspunkt i landet ligg kring halvparten i Vestland, men vi klarar berre å sikre ein
438 brøkdell med dei midlane vi får frå staten i dag. Vestland har no eit etterslep på nesten 14 milliardar
439 kroner på vegvedlikehald, og då har vi ikkje teke med behovet for investeringar i nye veggar, bruer og
440 tunellar. Med andre ord er det heilt avgjerande at vi jobbar for å få meir pengar av staten til veg,
441 samtidig som vi òg klarer å prioritere det i eige budsjett.

442

443 Vestland Høgre vil:

- 444 • Ha ei offensiv satsing på tryggare og meir effektive veggar med rassikring, tunnelsikring samt
445 utbetring og fornying av eksisterande vegnett.
- 446 • Auke løyvingane til vegvedlikehald.
- 447 • Ha tryggare skuleveggar gjennom auka utbygging av gang- og sykkelveggar.

- 448 • Satse på punktutbetringar som siktutbetring og etablering av møteplassar på dei smalaste
- 449 fylkesvegane.
- 450 • Auke innsatsen for å realisere ferjeavløysingsprosjekt.
- 451 • Ta i bruk samarbeidsløysingar mellom offentlege og private for å løyse
- 452 samferdsleutbyggingar raskare og rimelegare
- 453 • Få på plass enklare utbyggingavtalar mellom fylkeskommunen og private initiativtakarar.
- 454 • Krevje høgare statlege løyvingar til fylkesvegforemål.
- 455 • At Vestland skal bli ein trafikkisikker fylkeskommune.
- 456 • Arbeide for å tilbakeføre fylkesvegar til riksvegar på strekningar med høg trafikk og stor
- 457 betydning for næringslivet.
- 458

459 Kollektivtransport

460 For å lukkast med det grønne skiftet må vi få fleire over på kollektivløysingar. Vi ønsker at det så langt
 461 det er mogleg skal stillast krav til nuttutslepp i framtidige kollektivanbod. I tillegg må vi sikre meir
 462 fleksible løysingar enn det vi har i dag. Vi må sjå på heile prissystemet på nytt og gjere tiltak som gjer
 463 det meir attraktivt å velge buss, båt eller bane. Skal vi få til det treng vi òg fleire bussjåførar.

464

465 Vestland Høgre vil:

- 466 • Jobbe for at bybanen til Åsane kan realiserast gjennom kraftige kutt i heile prosjektet og
- 467 auka statleg finansering
- 468 • Gjennomgå heile reguleringsarbeidet for å finne innsparingar og betre løysingar.
- 469 • Presisere at forlenging av Fløyfjellstunnelen er viktig føresetnad for byggetrinn 5.
- 470 • Jobbe for at bybanen vert bygd vidare til Spelhaugen
- 471 • Ha presise og hyppigare avgangar, særleg i dei tidsromma behovet er størst.
- 472 • Framleis nytte anbod i samferdslesektoren.
- 473 • Etablere fleire innfartsparkeringar.
- 474 • Utreie prinsipp om parkeringsbillett på innfartsparkering kan nyttast som billett på
- 475 kollektivtrafikk.
- 476 • Sørge for nok kvalifiserte bussjåførar gjennom utdanningsløp utvikla i tett samarbeid med
- 477 busselskapa.
- 478 • Sørge for betre korrespondanse mellom ulike transportmiddel.
- 479 • Jobbe fram felles og saumlaust billettsystem mellom tog, båt, ferje og buss.
- 480 • Opne opp for at destinasjonsselskap kan utvikle og selje billett pakker til turistar på vegne av
- 481 fylkeskommunen.
- 482 • Halde fram arbeidet med å utvikle eit betre billetteringssystem, inkludert sanntid-system og
- 483 app-funksjon i heile fylket.
- 484 • Opprette ordningar med meir fleksible billetter og kollektivprodukt, tilpassa nye
- 485 reisemønster med føremål om å auke tal reisande med kollektiv.
- 486 • Legge til rette for at folk i vekstområde kan bli kollektivtrafikkbrukarar, og at vekst i
- 487 personreiser så langt som mogleg skal bli dekkja av kollektivtilbod.
- 488 • Innføre nye og fleksible kollektivløysingar tilpassa behova i distrikta
- 489 • Vurdere å innføre eigen sentrumstakst på kollektivtrafikk i sentrale delar av Bergen.

- 490 • Gjennomgå takstsonestrukturen i heile Vestland.
- 491 • Innføre reklame på fylkeskommunal kollektivtrafikk og bruke inntekta på lågare pris og betre
- 492 tilbod.
- 493 • At Vestland må vere først ute til å ta i bruk ny teknologi samtidig som vi sikrar gode
- 494 alternativ til dei som ikkje kan nytte digitale løysingar.
- 495 • Sjå på moglegheita for å finansiere busserfikatet for studentar, unge pensjonistar og andre
- 496 som kan bidra til å auka rekrutteringa til yrket.
- 497 • Samarbeide med andre fylkeskommunar for å lage gode kollektivforbindelsar.
- 498 • Sjå på moglegheitene for å namngje bybanevognene i Bergen etter kjente vestlendingar.
- 499 • Fortsette arbeidet med Miljøløftet som ei viktig bidragsytar til betre kollektivtilbod i
- 500 Bergensregionen.
- 501 • Vurdere å inngå eigne mobilitetsavtalar med kommunane og aktuelle private aktørar for å
- 502 sikre eit betre og breiare tilbod.
- 503 • At studentbillettar og kollektivkort skal gjelde for alle studentar uansett alder.
- 504

505 Ferjer og hurtigbåt

506 Effektive samband, trygg drift, moderne materiell og god kapasitet er viktig for at hurtigbåt- og
507 ferjesambanda ikkje skal bli opplevd som unødvendige flaskehalsar. Det er viktig å satse på nye
508 grøne løysingar på ferje og båt, samstundes som vi løyser det som er vår viktigaste oppgåve, at
509 Vestland fylke har eit tilbod som effektivt flytter folk og varer.

510

511 Vestland Høgre vil:

- 512 • Ha sterkt fokus på ruteproduksjon, kapasitet, driftstryggleik og miljø.
- 513 • Arbeide for best mogeleg ferje- og hurtigbåttilbod, med hyppige avgangar og god kapasitet
- 514 med null- og lågutslepp, der det let seg gjere.
- 515 • Sikre tilstrekkeleg reserveferjekapasitet ved driftsavbrot.
- 516 • All endring i ferje- og båttilbod skal bli gjennomført i samarbeid med kommunar det
- 517 vedkjem.
- 518 • Sikra at alt nytt ferje og båtmateriell er universelt utforma.
- 519 • Opne opp for reklamefinansiering på hurtigbåt- og ferjesambanda i fylket.

520 Fly

521 Fly er viktig for vår totale infrastruktur i Vestland. Høgre vil difor styrke tilbodet ved lufthamnene
522 våre, og sikra at vi har eit godt reisetilbod i heile fylket.

523

524 Vestland Høgre vil:

- 525 • Vidareutvikle Flesland som regional lufthamn.
- 526 • Vidareutvikle tilbodet ved lufthamnene i Florø, Førde, Sogndal, Stord og Sandane.
- 527 • Jobbe for å få tilbake FOT-ruta mellom Bergen- Førde.
- 528 • Jobbe for nye FOT-ruter mellom Sogn og Fjordane, Stavanger og Trondheim.
- 529 • Jobbe for at Vestland blir leiande på elfly med pilot på ruta Bergen-Førde.

530

531 Sjø- og skipstrafikk

532 Sjø- og skipstrafikk er heilt essensielt for næringslivet og innbyggjarar i Vestland. Dei neste åra må vi
533 fortsette å kutta utslepp i sektoren, og jobbe for at vi får flytta meir av transporten frå veg til sjø.

534

535 Vestland Høgre vil:

- 536 • Jobbe for å få snarleg realisering av Stad skipstunnel.
- 537 • Jobbe for elektrifisering av dei større hamnene i fylket, med vekt på cruisehamner og
538 hamner i område med periodevis dårleg luftkvalitet.
- 539 • Fortsette arbeidet med å flytte godshamna til Ågotnes.
- 540 • Jobbe for at ENOVA gir støtte til utbygging av nullutsleppsteknologi for ferjer og hurtigbåtar.
- 541 • Arbeide for moderne lokale og regionale fiskerihamner.

542

543 Kultur, frivillighet og idrett

544 Idretten i Vestland

545 Høgre skal vere ein aktiv bidragsytar som støttar opp om bredde, mangfald og kvalitet i idretten,
546 både organisert og uorganisert. Satsing på breiddeidretten i Vestland er ein føresetnad for
547 toppidretten. Vestland Høgre vil arbeide for at flest mogleg kan vere fysisk aktive og gjennom det få
548 gode opplevingar, betre helse og oppleve idrettsglede.

549

550 Vestland Høgre vil:

- 551 • Jobbe for meir tilskot til idrettsanlegg i regionen og prioritere ressursane til regionale
552 idrettsanlegg og andre idrettsanlegg med fleirbruksmoglegheiter
- 553 • Arbeide for framleis godt samarbeid med dei foreiningar og grunneigarar som legg til rette
554 for friluftsliv
- 555 • Støtte prosjekt som idrettslag og andre frivillige organisasjonar set i gang for å inkludere
556 fleire i idretten
- 557 • Vere med å sikre utvikling av e-sport i Vestland
- 558 • Støtte opp om Idrettsklynge Vest si store suksess for barn og unge si fysiske og psykiske
559 helse.

560

561 Kultur

562 For å sikre utvikling i kulturtilboda i Vestland treng vi eit godt samarbeid mellom dei profesjonelle,
563 frie og frivillige organisasjonar. Det er behov for gode arenaer og kompetanseutvikling blant
564 aktørane for å utfordre og utfylle det tilbodet som er i regionen.

565

566 Vestland Høgre vil:

- 567 • Støtte opp under det frivillige kulturlivet

- 568 • Forenkla og redusere søknadsbyråkratiet i kultursektoren
- 569 • Vil gjere biblioteka meir tilgjengeleg ved å finansiere auka digital satsing
- 570 • Sikre gode vilkår for musea
- 571 • Arbeide for at den samla samfunnsdokumentasjonen i regionen vert teke vare på og
- 572 formidla
- 573 • Slå saman kulturmidlar og tilskot til profesjonell kultur for å forenkla systemet
- 574 • Sikre økonomisk finansiering til regionale ungdomsparti.
- 575 • Opne opp for å tillate gatekunst på enkelte fylkeskommunale bygg eller område der det er
- 576 planlagt riving.
- 577

578 Frivilligheit

579 Det skal vere attraktivt å vere frivillig i Vestland. Det krev tiltak og samarbeid i små og store
580 organisasjonar. Det frivillige kulturlivet er eit samlingspunkt for svært mange, og fungerer som
581 ryggraden til aktivitetar og arrangement som skjer i fylket vårt. Vestland Høgre skal vere en pådrivar
582 for å legge til rette for auka frivilligheit i alle deler av regionen.

583

584 Vestland Høgre vil:

- 585 • Legge til rette for at frivillege kan nytte seg av offentlege bygg
- 586 • Legge til rette for samskaping mellom frivillig sektor og fylkeskommunen gjennom dialog,
587 samarbeid og medverknad.
- 588

589 Helse

590 Folkehelse- aktiv heile livet

591 Høgre ønsker at folk kan vere aktive heile livet gjennom å arbeide for eit aldersvennleg samfunn.
592 Folkehelse famnar om livskvalitet, tryggleik, trivsel og gode nærmiljø – og skal vere eit viktig
593 satsingsområde og ein berebjelke i by og bygd. Høgre ønsker å styrke verdiar som gjev
594 enkeltmenneske og grupper betre høve til ansvar, deltaking, meistring og kontroll over eige liv og
595 situasjon. God folkehelse gjev god psykisk helse.

596

597 Vestland Høgre vil:

- 598 • Bidra til å utvikle møteplassar for å skape levende samfunn i by og bygd.
- 599 • Legge til rette for fleire treffpunkt og møteplassar mellom generasjoner.
- 600 • Arbeide saman med kommunar, frivillige organisasjonar og næringsliv for å utvikle universelt
601 utforma turløyper og stiar i bygder og grender.
- 602 • Støtte prosjekt for å få fleire til å meistre digitale verktøy.

603 Tannhelse

604 Tannhelse heng ofte saman med øvrig helse, og må i større grad sjåast på som ein del av kroppen.
605 Høgre ynsjer å vri ressursbruken innan tannhelse frå generelle undersøkingar over mot

606 førebyggjande arbeid i dei prioriterte gruppene, og at tannklinikstrukturen tek i vare nærleik og
607 forsvarleg reisetid i heile fylket.

608

609 **Vestland Høgre vil:**

- 610 • Sikre at tannhelsetenesta skal satse på kvalitet og bidra til å fremme god helse for folk i
611 Vestland.
- 612 • Jobbe for ein pilot der vi overfører ansvar for tannhelse til dei kommunane som ønskjer det.
- 613 • Opne opp for at private klinikkar kan ta over for det offentlege tannhelsetenesta gjennom
614 anbod for å sikre tilbodet i distrikta.
- 615 • Satse vidare på førebyggjande tannpleie for å motivere barn, unge og eldre til sunt kosthald
616 og regelmessig tannstell.
- 617 • Sikre gode tannhelsetilbod til tortur- og valdsutsette, og pasientar med sterk angst for
618 tannbehandling.
- 619 • Satse på etter- og vidareutdanning av tannhelsepersonell.
- 620 • Styrke det førebyggjande tannhelsearbeidet for pleietrengande og bebuarar i
621 omsorgsbustadar og sjukeheim, samt sikre betre informasjon til pasientgruppa og deira
622 rettigheter.

623

624

625 **Dissensbegrunnelse for dissens 2;**

626 Mindretalet meiner at i lys av energikrisa og den europeiske krigen vi står opp i, ikkje kan la
627 kommunane få lokal vetorett i energispørsmål av nasjonal- og internasjonal betydning. Mindretalet
628 ser ikkje for seg å bygge ut dei finaste naturområda våre, men at ein startar med å utgreie områder
629 som allereie er utsett for ingrep, industriområder, mm.